

Grunngjeving frå juryen for tildelinga av den kvenske språkprisen for 2025

Vinnaren av den kvenske språkprisen for 2025 er omsetjarane ved Kainun institutti – Kvensk institutt.

Kainun institutti – Kvensk institutt blei stifta i 2005, same år som kvensk fekk status som offisielt minoritetsspråk i Noreg. Sidan starten har instituttet tilbydd omsetjingar mellom norsk og kvensk som ei av tenestene sine. Omsetjingar frå norsk til kvensk utgjer ein omfattande del av den totale mengda kvenske tekster som er skrivne i nyare tid, og det bidraget som omsetjarane ved instituttet på denne måten gir til framveksten av eit levande skriftleg kvensk språk, kan difor ikkje overvurderast.

Instituttet set om tekster frå offentlege organ og institusjonar, men har òg vore med på å omsetje tekster for privatpersonar og frivillige foreiningar, og instituttet gir dessutan rettleiing til andre som driv med omsetjing frå norsk til kvensk. Mange tekstsjangrar, frå songar og eventyr til læremiddel, frå nettsider til spørjeundersøkingar og frå rapportar til utstillingstekster, har fått kvensk språkdrakt av omsetjarane på instituttet.

Den kvenske språkprisen er mellom anna meint å løfte fram dei som gjer ein stor innsats for det kvenske språket utan å ha fått offentlig merksemd for det tidlegare, og dette gjeld i høgste grad omsetjarane ved Kainun institutti – Kvensk institutt. Ved å gi prisen til omsetjarane vil juryen òg løfte fram omsetjing som ein relevant karriereveg for dei som studerer kvensk, ein karriereveg som no er blitt lettare å komme inn på gjennom det nyopna studiet i kvensk omsetjing ved Universitetet i Agder.

Desse omsetjarane arbeider ved Kainun institutti – Kvensk institutt:

Merethe Eidstø

Aili Eriksen

Reidulf Høybakken

Mari Keränen

Tobias Kvalness

Riinakaisa Laitila

Karin Larsen

Pirjo Paavalniemi

Anna-Kaisa Schultz Räisänen

Juryen gjer merksam på at ein av omsetjarane, Mari Keränen, har vore medlem i juryen i år. I jurymøtet var det dei andre to medlemmene, Madsen og Olufsen, som nemnde omsetjarane blant sine favorittar frå nominasjonslista. Då det difor blei klart at omsetjarane låg an til å kunne vinne i siste avrøysting, erklærte Keränen seg ugild og forlét møtet, slik at de to andre medlemmene røysta åleine.

Henrik Madsen

Mari Keränen

Raymond Olufsen

Juryn perustelu kväänin kielipalkinon 2025 jakamisele

Kväänin kielipalkinon 2025 voittaavat Kainun institutin käänttääjät.

Kainun institutin perustethiin vuona 2005, samana vuona ko kväänin kieli sai viralisen minoriteetikielen statuksen Norjassa. Alusta alkkain oon institutti tarjonu käänskii norjasta kväänhiin yhtenä heän palveluksena. Käänökset norjasta kväänhiin oon iso osa kaikista kvääninkielisistä tekstiistä jotka oon kirjoitettu viimi vuosina, ja sitä ei saata liikkaa arvela kunka ison työn institutin käänttääjät oon tehneet sen etheen ette kväänin kieli oon kasunu elävännä kirjalisena kielenä.

Institutti käänttää viralisten orgaanitten ja institusuunitten tekstii, mutta se oon kans ollu myötä kääntämässä tekstii privaatti-ihmisille ja vapaaehtoisille yhistyksile. Institutti neuvo kans muita jotka käänttäävät norjasta kväänhiin. Monet tekstityypit, niin ko laulut ja eeventyyrit tahi nettilaiat ja kysymäskeemat eli raportit ja näyttelytekstit, oon saanheet kvääninkielisen puvun institutin käänttääjiltä.

Kväänin kielipalkinon meininkinnä oon nostaat framile net jotka tekkeevät suuren työn kväänin kielen etheen ilman ette het oon saanheet viralista huomiota, ja tämä jällää eriliikaisesti Kainun institutin käänttääjiitä. Ko jury antaa palkinon käänttääjille, se halluu samala nostaat framile kääntämisen relevanttina karriäärivalintanna niile, jotka studeeraavat kväänii. Se oon karriääritie jolle oon helpompi tulla nyt, ko Agderin universiteetila oon uuet opinot kväänin kääntämisessä.

Kainun institutissa käänttääjinnä työteleevät:

Merethe Eidstø

Aili Eriksen

Reidulf Høybakken

Mari Keränen

Tobias Kvalness

Riinakaisa Laitila

Karin Larsen

Pirjo Paavalniemi

Anna-Kaisa Schultz Räisänen

Jury halluu muistuttaat ette yksi käänttääjä, Mari Keränen, oon ollu juryn jäsen tänä vuona. Madsen ja Olufsen jotka oon kaksi muuta jäsentä jurymöötissä, nimitethiin käänttääjät heän favoritiksi nominasuunilistasta. Ko se näytti siltä ette käänttääjät saatethiin voittaaat viimisen äänestämisen, julisti Keränen ette hän ei saata olla myötä päättämässä ja hän lähti möötistä. Tyhä kaksi muuta jäsentä antoi äänet.

Henrik Madsen

Mari Keränen

Raymond Olufsen